



**Det ligg fleire slagpasientar frå Kvinnherad på Stord sjukehus for tida og dei pårørande ventar utålmodige på at dei skal verta friske att. Men det er gjerne ei tålmodighetsprøve, og mens dei ventar, freistar dei gjerne ymse former for terapi.**

**Heldigvis er hjernen eit utruleg fleksibelt instrument som har evnen til å vinna over skader som har oppstått. Men den form for terapi som vart freista i dag, er nok heller sjelden. Det var TREKKSPELTERAPI som vart utøvd av ingen ringare enn kultursjef og trubadur Kristian Bringedal, og det svinga godt i avdelingen der opptreninga går føre seg om dagen.**

Så godt svinga det at fleire av pasientane vart inspirerte til å synga med, og det gjekk så fint at ein ikkje skulle tru at dei har mista tale-evnen i større eller mindre grad - i alle fall mellombels. Sant å seie song fleire betre enn dei nokon gong har gjort!

Korleis kan så det henge saman, medisinsk sett?

uskedalen.no rettar spørsmålet til den lokale professor i faget, REIDAR MYKLEBUST som svarar slik:

- Eg veit ikkje alt om hjernen heller, men eg veit at hjernen er følsom for rytmar og takt og likar marsjar og fungerer mykje betre når ein spelar opp eller syng. Det er ein betydeleg skilnad på hjernehalvdelane i så måte, Den venstre delen er meir motorisk og formidlar talen lettare. Dette er i grunnen ganske utruleg, men mellom anna slik er vi skapt.

Til den neste helga planlegg professoren å ta med gitaren sin til Stord og ta del i terapien!

TEKST, foto og nett: Ola Matti Mathisen

